

*Ikkje publiser  
IP*

Dykkar ref.

Vår ref.  
20/16260-2Dato:  
30.11.2020**Referat frå møte 24.11.20**

Tilstades: Sølvi F. Bjørøy (rektor), Gro Hæge F. Eidesund (representerer andre tilsette, er også verneombod), Jørgen Kausland (politikar), Rigmor Bråten (representant for lærarane, er også tillitsvalt), Anette Glesnes (leiar FAU), Caroline Iversen Skoge (nestleiar i elevrådet), Ådne Glesnes Mæland (leiar i elevrådet), Anette Kausland (nestleiar FAU)

Sak nr.	Tema
1/20-21	<b>Godkjenning av innkalling og saksliste</b>
2/20-21	<b>Informasjon frå rektor og elevrådsleiarar</b>
	<u>Frå elevrådet:</u> <ul style="list-style-type: none"><li>• Elevar har klaga på at det ikkje er skiljevegg i guttegarderoben (kan sjå heilt inn i dusjen – ubehageleg og krenkande). Gjeld i både Strandahallen og ved gymsalen på ungdomsskulen. Sølvi fortel at dette er meldt inn til drift sitt system, og har sagt kva som er ynskja.</li><li>• Skuleball. Vil nok ikkje få hatt noko ball i år grunna smittevern/smittetall. Elevrådet ber FAU vere klar til å sette i gang å skaffe vaktar viss det lar seg gjere å arrangere til våren. Som erstatning blir det ein juledag på skulen (kosedag). Dette blir 4.12. Innhald ikkje fastsatt pr no. Er satt av litt pengar til dette. Pengane skal fordelast likt til alle klassane.</li><li>• Uteplassen. Elevrådet har veldig lyst på ei oppgradering. Har ikkje benkar (har ca 7 stk – nokon er og ødelagt), eller overbygg. Ved rødt nivå må alle vere ute i friminutta. Det er og ynskje om ballbinge, eller ein betre bane å spele på (rånarar har ødelagt grusbane med hjulspor). Basketballbanen er herpa. Ringane er ødelagt, netting borte. Manglar stativ til å parkere sparkesyklar. Ynskjer midlar til ny og betre uteplass.</li></ul> <p>Sølvi informerer om at elevrådet sine inntekter kjem hovudsakleg frå juleball og sommarball.</p>

	<p>FAU har fått 48.000,- Men kjem diverre ikkje så langt med dette for å opprusta uteområdet.</p> <p>Det må jobbast meir langsiktig for å skaffa meir pengar til opprusting. Innspel frå Jørgen på å få teikna ein heilskapleg plan for korleis uteområdet skal sjå ut. Dersom ein ynskjer å få inn noko for budsjettåret 2021 må det sendast inn snarast.</p> <p>FAU og SU hadde i 2019/20 samarbeid med Stranda skule ang hall på borterste del av grusbanen (mot Spar). Jimmy Håkonsund er kontaktperson for dette for Stranda FAU.</p> <p>Anette og Anette tar dette tilbake til FAU. Me når neppe å få dette til innen 17.12 som er neste møte i kommunestyret der budsjettet skal vedtakast.</p> <p>Jørgen lufter ynskjene for uteområdet mot kommunen.</p> <p>Rektor synleggjere tilstanden og dei manglande moglegheitene for elevane på uteområdet.</p> <p>Ådne/Caroline tar med desse tilbakemeldingane til elevrådet.</p> <p><u>Frå rektor:</u></p> <p>Orienterer om at har planar for korleis ein driv skulen på gult og rødt nivå i høve korona/smittevern. Har og plan for nedstenging og fjernundervisning.</p> <p>Bruken av Transponder: Foreldre responderer at dette fungerer fint, og at det er passeleg mengde informasjon. Dei aller fleste foreldrene har lasta ned appen. Kun 2-3 heimar som ikkje har Transponder. Skulen er veldig nøgd med dette verktøyet, og spesielt no i koronatid.</p> <p>Det er krevjande logistikk å drive skule slik smittesituasjonen er no. Ein del kjekke ting må utgå, t.d. prosjektveke, skuleball oog liknande</p> <p>Har god kontakt med smittevernlegane og dialogen der fungerer godt.</p>
<b>3/20-21</b>	<b>Rekneskap 2020 og budsjett 2021</b>
	<p>Kommuneøkonomien er trong, og det er ein del nedskjeringar.</p> <p>Skulen får eit kutt på litt over 500.000,- i 2021 og ein skal liggje på det nivået.</p> <p>Sund ungdomsskule har pr i dag grøne tall (har mest med bemanning å gjere).</p> <p>Eit av tiltaka som er gjort for å spare pengar på bemanning er at det skal dannast ein vikarpool i kommunen.</p> <p>Skulen ligger litt høgt på fagarbeidarar, men har og ein god del ressurskrevjande elevar.</p> <p>Lærarnormen (antall elevar pr lærar): På Sund ungdomsskule ligg ein ca der ein skal.</p> <p>Snakka litt om TAM og Dale Oen, og kutt i desse tilboda.</p> <p>FAU har blitt kontakta av FAU på dei andre ungdomsskulane i kommunen ang dette.</p> <p>Viktig at grunnbemanninga er god på skulen, då treng ein å kjøpe færre tenestar ute.</p> <p>Finst og nokre kommunale tiltak som skulen ikkje treng betale for (t.d. Leite gard).</p> <p>Rektorane har skreve eit skriv for å presisere bruken av desse ulike tiltaka.</p> <p>Det er foreslått 1,5 mill i budsjettet til kommunen til bruk på Dale Oen og 960 000 til Sotra villmarkssenter.</p> <p>Kommunebudsjettet blir vedtatt 17.desember. Alt ligg no ute til lesing:  <a href="https://www.oygarden.kommune.no/tjenester/planar-hoyringar-og-samfunnsutvikling/kunngjeringar-og-hoyringar/budsjett-2021-og-okonomiplan-2021-2024-til-offentleg-gjennomsyn.30543.aspx">https://www.oygarden.kommune.no/tjenester/planar-hoyringar-og-samfunnsutvikling/kunngjeringar-og-hoyringar/budsjett-2021-og-okonomiplan-2021-2024-til-offentleg-gjennomsyn.30543.aspx</a></p>
<b>4/20-21</b>	<b>Eventuelt andre saker</b>

	Prøve å samkøyre neste SU møte med FAU møte.
--	--

Med helsing

Sølvi Fjeld Bjørøy

Dokumentet er elektronisk godkjent, og krev difor ingen signatur